



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5555 2143

Vår dato
19.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/14030
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt pr. 31.oktober 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 31. oktober d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,3 prosent dei første 10 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 2,1 prosent.

Innbetalt skatt pr. 31.oktober d.å. i prosent av budsjett 2014 var 79,7 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 80,4 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 1,8 prosent for kommunane samla i landet. Det er lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane i landet med i underkant av 2,4 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

